

NVE
Postboks 5091 Majorstua

Grinde 22 mai 2013

0301 OSLO

Fråsegn: Til konsesjonssøknad for Høgelida kraft as.

Vi viser til sakspapir som konsesjonssøkjær har sendt oss. Søknaden er registrert hjå NVE med fylgjande saksnummer: 200902797 og reg.nr 5782

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.276.

Vågsøy ligg i Ytre Nordfjord Turlag (YNT) sitt virkeområde.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Vågsøy kommune har mange flotte naturområde og området det no vert søkt om løyve til for utbyggjing av Movasselve er eit av dei. Movatnet er utan tvil ei oppleving for turgåarar og fiskeinteresserte. Movatnet vil fungere som eit magasin med nedtapping innanfor naturleg vannstand. Om regime for regulering vert fastsett av NVE vil Movatnet truleg verte lite påverka av utbyggjing og storlom forekomsten kan bli teken vare på.

Vannføringa i elva vert kraftig redusert og utan naturleg variasjon i vassføringa. Kun minstevassføringa vil renne forbi utløpet. Elva vil ikkje vekse seg stor i nedbørsperioder når Movatnet er buffer og vil ta imot i magasinet for seinare produksjon av kraft. For friluftslivet i området er dette truleg det største tapet. Det vert også ei rørgate i skogbiletet som i planen skal revegeterast, men der skogen ikkje får lov til å vekse opp for å unngå skader på rørsystemet. Dette biletet vil vere vedvarende i all tid kraftverket er i drift.

Bryggja Sanitetsforening har i sitt program (sjå <http://www.bryggja.no/index.php?f=08050166&sid=2&eid=5&id=2107&spid=268&mosid=2&moeid=39>) også inkludert tur til Movatnet.

Ytre Nordfjord Turlag opplyser at Bekslehornet, Austelidheida, Kyrnosa, Dua og Staurdalsegga er naturlege mål for turgåare. Alle desse måla ligg i Vanylven kommune.

Sogn og Fjordane Turlag har ikkje hatt kontakt over fylkesgrensa for å diskutere konsesjonssøknadane. Naturvernutvalet i Sogn og Fjordane har tiltru til at NVE gjer seg opp eit bilete av summen av tiltak på dette avgrensa området.



Kommentarar til utbyggingsplanane:

I søknaden står det *lite* om friluftsjnteressene si bruk av området idag. I samandraget i KS er det «sitat» «Av omsyn til friluftslivet vil det bli lagt stor vekt på støydempande tiltak» Utbyggjaren bekrefter då at det finnst friluftsjnteresser.. Her står også: «sitat» «Med restvassføring og omsøkt minstevassføring reknar ein ikkje skade på denne fisken» sitat slutt. Ein må nok rekna med at mindre vassføring og mindre flaum påverkar fiskebestanden i elva. Næringstilgangen må nødvendigvis verte mindre når vannmengden reduserast. Magasinet Movatnet vil jo kun ha 1 funksjon: *å ta vare på vatnet til det vert mest lønsomt til kraftproduksjon!*

Fiskebestanden i elva er utsatt! For å sikre denne og andre (mikro)organismar er det viktig å be NVE å sette som vilkår for konsesjon at omløpsventil vert installert for å sikre vann til elva til einkvar tid. Minstevassføringa bør aukast som avbøtande tiltak fordi magasineringa vil redusere tal dagar med vannføring>maksimal slukeevne. Naturopplevinga vil bli bedre jo meire vatn det passerer. Ein ber om 120l/s heile året. I KS er det søkt om 90 l/s.

Under punkt 3.7 Akvatisk miljø – siste setning- Vil ein kommentere at «Vi er ikkje kjende med funn av sjeldne organismar» nødvendigvis ikkje betyr at dei ikkje er der.

I naturmangfaldloven vert *føre var prinsippet* lagt som premiss, der ein ikkje veit om sjeldne organismar kan forekomme. Registreringane som er gjort av t.d. Artsdatabanken er ikkje alltid dekkjande. Flest funn er gjort der ein har leita mest. Avsidesliggjande område er *ikkje* eller *mindre godt* undersøkt. At «livet vil tilpasse seg den reduserte vassføringa» er nok sikkert heilt sant, men det er jo flott om ein kan vere sikker på at ukjende økosystem vert kartlagte grundig før eit nytt liv tilpassar seg.

Område i Vågsøy kommunen, Høgelida, vert skildra av søkjar i avsnitt 1.4. Elva «har grave seg ned i lausmassane og dannar eit skogvakse gjøl der elvestrengen er knapt synleg i lange partier.» sitat slutt.

Området har ut frå dette spesielle kvalitetar. Men Bioreg AS Rapport 2009:14 har vurdert området ved (5.2 Naturgrunnlaget) Movasselve å ha hovudsakleg harde og sure bergarter. Ut frå denne motsetnaden, burde ein kanskje få eit høve til å avklare situasjonen her. Kan hende det her er snakk om kvartærgeologiske avsetningar i elvestrengen?

Berggrunnen i elvestrengen er vurdert ulikt av utbyggjar og firma Bioreg AS. NVE bør vurdere dette nærare!

Om samla belastning:

I Vågsøy og i nabokommunen Vanylven er det søkt om utbygging av 6 vassdrag og NVE har valgt å handsame desse søknadane under eitt. Utbyggjinga er på tilsaman ca 50 Gwh. Høgelida ligg lengst vest av de omsøkte prosjekt og litt adskilt, mens Skorge, Vassdalselve minikraftverk, Maurstad kraftverk og Fagerlid minikraft er bygd ut eller har fått konsesjon tidligare og ligg nærast det omsøkte prosjektet.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdert ut frå friluftsinnteressene er ikkje konfliktane store nok til at det aleine er grunn god nok til å seie nei til utbygging. Dersom nedtapping av Movatnet tek omsyn til hekketida for storlom og det vert sikra ein minstevassføring utan avbrudd ved hjelp av omløpsventil, kan viktige naturkvalitetar også i framtida vere inntakt.

Sogn og Fjordane Turlag ber NVE sette krav om auka minstevassføring som avbøtande tiltak på redusert *antall døgn med vannføring > maksimal slukeevne* etter utbygging.

Venleg helsing

Sogn og Fjordane turlag, Naturvernutvalet

v/ Ron Overdevest

Gulafjordvegen 1127

5960 Dalsøyra

telefon: 97674654